

Vedtekter for stiftinga Bjørn West-museet

Vedtatt 23.03.1993, med endringer 12.05.2016

§ 1 Namn og historie

Stiftinga sitt namn er Bjørn West Museet Stiftelse, med kontoradresse i Masfjorden Kommune.

Stiftinga er oppretta 1991 av fylgjande kommunar i Nordhordland og Ytre Sogn: Gulen, Lindås, Masfjorden, Modalen og Osterøy.

Bjørn West Museet er frå 1.1.2016 eit konsolidert museum i Stiftinga Museum Vest. Jfr samarbeidsavtale mellom Museum Vest, Bjørn West Museet og Masfjorden Kommune.

§ 2 Formål

Bjørn West-museet er ei stifting med føremål å ta vare på og gjere tilgjengeleg saga om Bjørn West. Museet skal også femna om minna frå den lokale motstandsrørsla i Bergen, Nordhordland og Ytre Sogn, både den militære og den sivile. Vidare må museet arbeide for å ta vare på og formidle minne som kastar lys over folks levkår under krigen. Museet skal vera oppe for alle og særleg leggja tilhøva til rette for skuleelevar.

§ 3 Grunnkapital

Bjørn West-museet er ei særskilt rettskiping med eige rekneskap, og med ein grunnkapital på kr. 400.000,-.

§ 4 Styre

Stiftinga vert leia av eit styre på 8 medlemmer med personlege varamedlemmer pluss to observatører med møte- og talerett, men som ikkje har stemmerett.

Styret skal ha fylgjande samansetning:

Ein representant vald av kvar av dei deltakande kommunane (5)

Ein representant vald av Bjørn West-museets venner (1)

Ein representant vald av Masfjorden Sogelag (1)

Ein representant vald av Museum Vest (1)

Ein observatør kan sendast av Hordaland Fylkeskommune

Ein observatør kan sendast frå Forsvarsmuseet eller HV09.

Funksjonstida for dei valde representantane er normalt 4 år, men fastsettes av den organisasjon kvar representant representerer.

Masfjorden kommune sin representant er styreleiar.

Styret vel ein nestleiar blant øvrige styremedlemmer.

Styreleiar representerer stiftelsen i styret til Museum Vest, med nestleiar som vara.

Styreleiar kallar inn styret med minst åtte dagars varsel. Museum Vest er sekretær for styret.

Styret er vedtaksført når minst fire av medlemmene er til stades. Ved likt stemmetal er styreleiar si stemme avgjerande.

Det skal først protokoll for kvart møte. Referat og protokolltilførsalar skal vera godkjent av alle.

§ 5 Styrets oppgåver

Styret skal ivareta stiftelsens formål.

§ 6 Binding

Bindande underskrift vert gjeven av styreleiar og minst eitt styremedlem.

§ 7 Egedelar

Bjørn West-museet omfattar eit to-etasjers trehus på Matre frå 1912, anneks bygd 1998 og ei sæterbu, gnr.

49, bnr. 78. I samlinga inngår ein livbåt frå Vigra, og ein god del militære gjenstandar, kart , dokument, lydband, foto og videoopptak. I tillegg kjem ei fangecelle frå Gestapohuset i Veiten i Bergen. Alle våpen og militære gjenstandar er etter lov Staten sin eigedom og vert forvalta av Forsvarsmuseet.

Museet sine egne lutar kan ikkje avhendast eller gjevast bort. Avdelingsleiar kan gje løyve til utlån for kortare eller lengre tid. Slike utlån skal opplysast om på styremøte, og kan overprøvast av styret.

§ 8 Vedtektsendring

Styret kan med 2/3 fleirtal vedta å endre vedtektene. Endringsframlegget skal liggje ved innkallinga.

§ 9 Oppløysing

Dersom ikkjestyret er nøgd med Museet si drift kan styret seie opp avtalen med Museum Vest. Om styret ikkje greier å oppretthalde drift i museet, skal grunn og husa overførast attende til vertskommunen, Masfjorden.

Stiftelsestilsynet må godkjenne ei eventuell oppløysing av stiftinga